



Statens vegvesen

Luster kommune
v/Knut Cotta Schønberg
6868 GAUPNE

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Solemsli / 90942131

Vår referanse:
17/85140-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
03.07.2017

Rehabilitering av i tunneler i Luster kommune i 2018

Vi viser til telefonsamtale med kommunelege Knut Cotta Schønberg 22.06.2017.

Statens vegvesen planlegg å rehabilitere Røneid-, Råum- og Ottatunnelen. Oppstart av arbeidet vil skje omkring november–desember d,å og vare ut 2018. I perioder vil arbeidet medføre støy frå sprengning både på dagtid og natt. Statens vegvesen vil prøve å håndtere sprengningsarbeidet i tråd med retningslinjene frå Miljøverndepartementet T1442. Dersom Luster kommune har lokale retningslinjer som er strengare enn dei som framgår i T1442, ber vi om å få dei oversendt.

I Røneidtunnelen vil mykje arbeid bli utført på natt med stengetid på opptil 3,5 timer. Otta- og Råumstunnelen skal arbeidet i utgangspunktet føregå på dagtid.

Oversikt over planlagte stengingsintervall i dei ulike tunnelane:

Røneidtunnelen: frå og med mandag til og med lørdag

- Kl. 0600–2000. Stengt inntil 30 minutt.
- Kl. 2000–2300. Stengt inntil 1 t.
- Kl. 2300–0600. Stengt inntil 3,5 t.

Råumtunnelen:

- Kl. 0800–2000. Stengt inntil 30 minutt.

Ottatunnelen:

- Kl. 0800–2000. Stengt inntil 1 time

Innafor skisserte stengingsintervall vil det bli lagt opp til kolonnekøyring med ledebil. Utrykningskøyretøy vil bli leda igjennom etter minst mogleg venting. For å oppnå minst mogleg venting for utrykning, er prosjektet avhenginge av å få direkte melding frå operasjonssentralen når utrykning er på veg. Prosjektet vil ta initiativ til samarbeid med naudetatane når tida for oppstart nærmar seg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Med helsing
Tone Anette Espe
Seksjonsleiar

Solemsli Kari

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.